

Kopi til: Deltakarkommunane

**Til medlemmane  
i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS)**

Det blir kalla inn til møte i representantskapet **torsdag 23. januar 2020 kl. 12.30** i 4. etasje i Lerstadvegen 545. Vi inviterer til lunsj i kantina **frå kl. 12.00** for dei som ynskjer det.

**SAKLISTE:**

Opning av møtet: godkjenning av innkalling og sakliste.

- Sak 01/20 - Møtebok frå møte 17.10.2019 til vitande.
- Sak 02/20 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet i SKS IKS
- Sak 03/20 - Val av styre i SKS IKS.
- Sak 04/20 - Kort orientering om selskapet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Dersom det er vanskeleg å møte, gje beskjed på telefon 926 11735 eller e-postadresse [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Torgrim B. Finnes  
Fungerande leiar i representantskapet  
(sign)

**Sak 01/20 - Møtebok frå møte 17.10.2019 til vitande.**

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

**Representantskapet**

**MØTEBOK**

Møtedato: 17. oktober 2019, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes, Ålesund kommune

Elles til stades:

Jonas Falch, Stordal kommune, Gudmund Relling, Norddal kommune, Rolf Bergmann, Sykkylven kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune, Helge Kvame, Stranda kommune, Rolf Liebich, Skodje kommune, May- Sissel Osvik, Ørskog kommune, Svein Ove Søholt, Sandøy kommune,

= **9 voterande**

Meldt forfall: Ronny Blomvik, Sula kommune, Gunnar Morsund, Giske kommune og Thor Hansen, Ålesund kommune.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjærde.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

---

**Sak 07/19 Godkjenning av møtebok frå møte 16. mai 2019**

**Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møtet 16. mai 2019 blir godkjent.

## **Sak 08/19 - Budsjett 2020 og økonomiplan - Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettert fordelingstabell av deltakarkostnader SKS IKS 2020

	<b>andel</b>	<b>50 % eigerdel</b>	<b>medgått tid</b>	<b>% medgått tid</b>	<b>totalt 2020</b>
<b>Ålesund</b>	6	710000	585000	45	1295000
<b>Fjord</b>	1	118000	143000	11	261000
<b>Giske</b>	1	118000	143000	11	261000
<b>Stranda</b>	1	118000	143000	11	261000
<b>Sula</b>	1	118000	143000	11	261000
<b>Sykylven</b>	1	118000	143000	11	261000
<b>sum</b>	<b>11</b>	<b>1300000</b>	<b>1300000</b>		<b>2600000</b>

1. Budsjett 2020 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jfr også fordelingstabell.
2. Deltakerkommunene betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

## **Sak 09/19 - Regulering av godtgjersle til styret og representantskapet.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret blir sett til kr 1.750,- pr. møte. Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle pr. møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 23.650,- Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 8.550,-. Dersom funksjonstida er under eitt år blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.

Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.500,- i godtgjersle pr. møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiarens fråver.

### **Sak 10/19 - Erfaringsutveksling frå kontrollutvala**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

Kvar leiar ga ei orientering kring status i eige utval. Orienteringane blei tatt til vitande.

---

Møtet var slutt kl. 13.55

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 02/20 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet i SKS IKS**

### **Bakgrunn:**

Heimel for val av styreleiar og nestleiar finn oss i lova om interkommunale selskap (IKS lova) paragraf 6:

*Selskapet skal ha et representantskap hvor samtlige deltakere er representert med minst én representant. Vedkommende kommunestyre eller fylkesting oppnevner selv sine representanter. Et interkommunalt selskap deltaker, oppnevner selskapets representantskap dets representanter. Det skal oppnevnes minst like mange varamedlemmer som faste medlemmer. Hvis ikke annet er fastsatt i selskapsavtalen, velger representantskapet selv sin leder og nestleder.*

Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS i perioden 2020 – 2023 består av følgjande medlemmar:

Jan Ove Tryggestad	Stranda
Dag Oksnes	Giske
Jan Magnar Sandvik	Sula
Gudmund Relling	Fjord
Leonhard Vårdal	Syklyven
Eva Vinje Aurdal	Ålesund
Vebjørn Krogsæter	Ålesund
Dag Olav Tennfjord	Ålesund
Håkon Lykkebø Strand	Ålesund
Åge Vikestrand	Ålesund
Randi Asbjørnsen	Ålesund

Ein reknar med at eigarkommunane snakkar saman før møtet og blir einige om fordeling av desse to verva. Valkomiteén som blei oppnemnt i sak 05/19 har ikkje vurdert kandidatar til desse verva.

Saka leggast med dette fram utan tilråding til vedtak frå sekretariatet.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 03/20 - Val av styre i SKS IKS.**

### **Bakgrunn:**

Heimel for val av styre finn oss i lova om interkommunale selskap (IKS lova) paragraf 10:

#### **§ 10. Styret og styrets sammensetning**

*Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.*

*Styremedlemmene velges av representantskapet med de unntak som er nevnt i denne paragrafen. Representantskapet kan når som helst fjerne et styremedlem som det selv har valgt.*

*Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.*

*Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret.*

*Styremedlemmene velges for to år med mindre annet er avtalt. Valgperioden kan ikke settes lengre enn til fire år. Styremedlemmer tjenestegjør inntil nye medlemmer er valgt, selv om tjenestetiden er gått ut. Bestemmelsene i første og annet punktum gjelder ikke for styremedlemmer som er valgt av de ansatte etter åttende, niende eller tiende ledd i paragrafen her.*

Det førre representantskapet gjorde i sak 05/19 følgjande vedtak:

#### **Sak 05/19 - Oppnemning av valkomité**

*Saksdokument fra kontrollutvalsekretariatet datert 12. april 2019*

#### ***Representantskapets sitt samrøystes vedtak:***

*Torgrim Finnes, Ålesund kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune og Gudmund Relling, Norddal kommune oppnemnast som valkomité. Arbeidde leiast av Torgrim Finnes og komitéen rapporterer til det nyvalte representantskapet etter kommunevalet hausten 2019.*

Valkomiteen vil i møtet torsdag 23. januar legge fram si innstilling til nytt styre og gje ei grunngjeving for sitt arbeide.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 04/20 - Kort orientering om selskapet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal**

### **Bakgrunn:**

Selskapet driv sekretariatsarbeid for kontrollutvala i eigarkommunane med heimel i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er eigd av kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund.

Selskapet har kontor i Ålesund, men legg vekt på å møte brukarar og eigarar ute i kommunane noko som medfører reiser. Selskapet har i tillegg til dagleg leiar på fulltid også ansatt juridisk rådgjevar med 10 % stilling. I tillegg leiger selskapet inn sekretærhjelp etter behov. Året 2019 har vore prega av førebuing til situasjonen etter 2020. Både endring av selskapsavtale, reduksjon i antall eigarkommuner frå 12 til 6 etter 2020, og førebuing til ny kommunelov har tatt mykje administrativ tid i sekretariatet.

Selskapet har videre levert tenester innen saksførebuing og møteverksemd, uttalar til kommunane sine årsrekneskap, bestilling av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll, samt førebu behandlinga av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll i kontrollutvala. Kontrollutvalsekretariatet lagar også eigne kontrollrapportar som ligg utanfor revisjonsmandatet og som dermed ikkje er definert som revisjon.

Kontrollutvala har blitt stadig meir førespurt om å avklare, undersøke og vurdere problemstillingar både frå enkeltpersonar og kommunestyra i den enkelte kommune. Sekretariatet får dermed også ei oppgåve i å avgrense kontrollutvala sitt arbeid som tilsynsorgan, og oppgåvene har stadig blitt meir komplekse og tidkrevjande. Selskapet ønskjer so langt som mulig å etterkome slike bestillingar.

I 2019 har representantskapet hatt 3 møte, styret hatt 4 møte og behandla 15 saker. Selskapet har medverka til å avvikle 56 kontrollutvalmøte og å behandle 251 saker.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS